

Likelydande til:

- Naboar og gjenbuarar
- Heimelshavarar
- Interesseorganisasjonar
- Offentlege høyringsinstansar

Vår ref.: 7277_Varslingsbrev

Godvik den: 13.01.2022

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid


Formål og avgrensing

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla om oppstart av arbeid med privat reguleringsplan for: **Småbåthamn på Sørbøvåg, del av gnr. 32/2, 5 m. fl. i Hyllestad kommune.**


I høve til oppstartsmøte med kommunen, har planen fått namnet **Åfjorden Båthamn**, med Plan ID: **2021001**.

Med auka etterspurnad etter båtplass, er formålet med planen å utvide eksisterande småbåthamn på Sørbøvåg. I situasjonsplanen er det teikna 64 nye båtplassar, men utvidinga vil kunne gje rom for rundt 100. Tiltaket vil samstundes avlaste dei indre delane av sjøområdet på staden.

Planområdet utgjer om lag 41 daa. Lokaliseringa i Sørbøvåg ligg i enden av- og aust for eksisterande småbåthamn, og i sjøområdet utanfor. Sørbøvåg ligg i Åfjorden i Hyllestad kommune. I tillegg til busetjinga og noko jordbruk finst òg enkelte næringsverksemdar knytt til fritid og turisme, butikk, båtverft og anna. Fjordområdet er eit kystlandskap som er relativt ope.



Planområdet si geografiske plassering.



Planområdet si lokalisering i Sørbøvåg.

Planprosessen

Ein privat reguleringsplan etter plan- og bygningslova kapittel 12, er initiert av ein privat forslagsstillar (utbyggjar). Etter varsla oppstart vert planforslag utarbeida saman med konsulent. Ein reguleringsplan er sett saman av arealplankart, med tilhøyrande føresegner og planskildring som skildrar bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader.

Oppstartsmøte for planarbeidet blei halde 1. juli 2021 med Hyllestad kommune. Referatet er lagt ut på heimesida til Stracon.

Når eit forslag til plan er klart, vert det sendt til kommunen, som deretter tek over ansvaret for sakshandsaminga med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endringar i planen før den blir lagt fram for vedtak i kommunestyret.

Planstatus

I kommuneplanen si arealdel er planområdet avsett til sentrumsformål men underlagt restriksjonsområde «område unntatt frå rettsvirkning». Dette tyder at det er områdereguleringa med planid 2004002 som er gjeldande plan. I denne planen er arealformåla som vert rørt, grøntstruktur, hamneområde i sjø og låssettingsplass.



Utsnitt frå kommuneplanen. Områderegulering i Sørbøvåg.

Planforslaget for utvida småbåthamn er markert i begge utsnitta med grense i svart.


Tema som skal utgreiast

Planen er ikkje underlagt krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2. I oppstartsmøtet vart det bestemt at fylgjande lovar og retningsliner skal ligge til grunn:

- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Klima- og energiplanlegging i kommunane
- Samordna areal- og transportplanlegging
- Naturmangfaldlova

Førebels illustrasjon

Illustrasjonen syner ei førebels skisse til aktuelt omfang og plassering.



Førebels illustrasjon (Dag Ove Myklebust)

Forslagstillar og konsulent

Forslagstillar er **Åfjorden Båtlag**.

Stracon AS er utførande konsulent for planlegginga.

Folkemøte

Åfjorden Båtlag er svært oppteken av å få til ein god planprosess og spele på lag med grenda sine innbyggjarar. Åfjorden Båtlag ser det som viktig at ein i tidleg fase får avklart alle relevante problemstillingar knytt til plansaka, for med dette bli best mogeleg samde om korleis planen skal utformast. Det vert difor med dette også varsla om at det vert invitert til folkemøte i grendahuset Vonheim den **10.02.22 kl 18.30**, der det vil bli gjeve nærmare informasjon om planane og moglegheit til å stille spørsmål og kome med merknadar og innspel.

Merknader til varsel om oppstart

Referat frå oppstartsmøte, varslingsbrev og annonse, samt seinare referat frå folkemøte kan sjåast på Stracon si heimeside: <http://www.stracon.no/kunngjoringer> og på kommunen si heimeside:

<https://www.hyllestad.kommune.no/kunngjeringar/>

Skriftleg varsel om planoppstart er sendt som brev til dei som har krav på det, jf. plan- og bygningslova § 12-8.

Merknader som kan ha verknad for planarbeidet kan sendast via e-post: post@stracon.no eller til:

Stracon AS, Leirvikflaten 15B, 5179 Godvik

Merkast: "7277 – Detaljregulering Åfjorden Båthamn"

Alle mottekne dokument, merknader og andre innspel blir sendt Hyllestad kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist

Frist for merknader er sett til **25.02.22**

Vidare saksgang

Etter at merknadsfristen er ute, vil planforslaget bli utarbeida og deretter sendt til kommunen for handsaming. Etter den politiske førstegangshandsaminga i det faste utvalet for plansaker vil planen bli lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i 6 veker. I høyringsperioden det vere mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med vennleg helsing



Jon Hoel

VARSLINGSLISTE:

Eigarar og festarar på fylgjande gards- og bruksnummer:

| Gardsnummer | Bruksnummer | Gardsnummer | Bruksnummer |
|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| 30 | 42 | 32 | 7 |
| 30 | 74 | 32 | 8 |
| 31 | 1 | 32 | 9 |
| 31 | 2 | 32 | 15 |
| 31 | 3 | 32 | 21 |
| 31 | 5 | 32 | 22 |
| 31 | 7 | 32 | 25 |
| 31 | 8 | 32 | 26 |
| 31 | 10 | 32 | 29 |
| 31 | 11 | 32 | 30 |
| 31 | 12 | 32 | 35 |
| 31 | 13 | 32 | 38 |
| 31 | 14 | 32 | 39 |
| 31 | 18 | 32 | 45 |
| 31 | 24 | 32 | 48 |
| 31 | 27 | 32 | 57 |
| 31 | 28 | 32 | 57 |
| 31 | 30 | 32 | 58 |
| 31 | 31 | 32 | 59 |
| 32 | 3 | 32 | 60 |
| 32 | 4 | 32 | 62 |
| 32 | 5 | 32 | 65 |
| 32 | 6 | | |

Andre:

BKK AS

Direktoratet for mineralforvaltning

Fiskeridirektoratet region vest

Fylkesmannen i Vestland

Kystverket vest

NVE region vest

Statens vegvesen region vest

Vestland fylkeskommune